Vestmannen.

Nr. 1 Bergen 20. januar 1990 6. årgang

Ei stor misferd mot målbygdene

No ved 100-årsminnet for professor dr. Gustav Indrebø, den fine vitskapsmannen og djerve stridsmannen for eit fulltonande og reindyrka norskt mål, vil eg taka fram sumt av det han sagde og skreiv i rettskrivingsstriden i 1930-åri. Han var den sterke og djerve føraren imot den uppløysingi av norsken som han ottast. Han stridde, og han åtvara. Han kalla det aldri «rettskrivingsbrigde», han kalla det «målbrigde». I-formene og anna godt ervegull ifrå gode norske bygdelag, alt det som Ivar Aasen hadde tufta det skriftlege landsmålet på, det skulde burt. Indrebø skreiv at det var politiske maktumsyn som no lagde seg ut um å tyna dei formene. Sosiologisk-geografisk er det målskiftet som det nye rettskrivingsframlegget fører med seg ei stor misferd imot dei bygder der nynorsken er teken i bruk, sa Indrebø. Og so strika han under at det måtte vera eit hovudkrav at konsekvensen i det nynorske ljodverket skal haldast ved lag og ikkje gjerast rotut ved mekanisk samanblanding med bokmålet.

Han åtvara atter og atter - utan at dei mektige, politikarane, lydde til hans våse råder. Eg minnest fyredraget hans på Noregs Mållags-møtet på Gol i Hallingdal i 1937. Han slo eit slag for dei folki som hadde teke målet i bruk, dei som bur i dalane, i fjordane og inni fjellbygdene. **Dei** treng ikkje noko brigde i målet, som no gjev fritt slag for både a- og i-form. Det kryr av feil i rettskrivingstilrådingi. Nynorsken hadde ingen vitskapleg språkmann med, og **det** var ikkje ærlegt spel. Men Vestlandet hadde i røyndi tvo mann med i nemndi, sa Indrebø: Attåt høgskulestyrar Martin Birkeland var biskop Erik Pontoppidan med, han som i dansketidi var biskop her i Bjørgvin, han hev vore med! «Eg tykkjer at av dei tvo hev Ponoppidan sett mest merke etter seg i rettskrivingsframlegget!» sa Indrebø.

Fyrsten i januar 1940 - tri månader fyrr tyskarane kom og hersette Noreg, tala Gustav Indrebø på landsmøtet i Noregs Mållag, i Bergen, um lærebokspursmålet. Krigsskuggane låg yver Europa, finnane stridde djervt i sin vinterkrig, og Indrebø sa: «Finnane strider for fridomen sin. Dersom det vert spursmål um Nord-Noreg òg, skal me so ikkje verja vår nørdste landslut, jamvel um me kanskje ikkje nett vil bu der? **Heile Noreg** vil me verja! Men er det betre å gjeva burt dei fagraste målprovinsane våre utan motmæle? Mange vil ikkje bu i i-målsstroki; men dei provinsane skal ha sitt fulle vern likevel. Tykkjer de at me hev for mykje av norsk vilje og hug og nasjonale livsovringar i landet, so me hev råd til å gjera vondt for den nasjonale viljen som ovrar seg attum kravet um rett for i-målet?»

Eg strikar under at dette var i januar 1940. Den 9. april same året kom tyskarane.

I ein artikkel i Gula Tidend for 10. januar 1940 kommenterte Indrebø det sterke årsmøtevedtaket som landsmøtet i Noregs Mållag i Bergen hadde gjort, og han jamførde otten sin for det norske med otten for vår nasjonale fridom i det heile. Med profetisk framsyn skreiv han i denne artikkelen:

«No spyrst det kva styremakti skynar. Det ligg ein sum av umissande livsvilje bak det vedhaldande kravet um full fridom for alt godt norskt mål som gjeng under nemningi «i-mål». Til no hev styremakti vore like sæl um den ting, - når me ikkje skal bruka sterkare ord. Ja, jamvel i **denne tid** held ho fram med kaldt gjenomtenkte, administrative kverkingsråder mot ei nasjonal livsovring! Skal folket vårt lota kastast i smeltedigelen fyrr styremakti skynar at slikt bør verta onnorleis?

Den dagen røyningi bryt inn yver oss, gjev ho nok fridom og er glad til for kvar nasjonal livsovring som til er. All soga lærer oss det. For då trengst alle nasjonale livsovringar som aukar hugstyrken i folket. Men var det ikkje betre å byrja bu seg alt no? Det er ikkje for tidleg å gjera litt meir enn til dessa både for den ytre og den indre styrken åt folket».

Dette var Indrebø-ord i byrjingi av krigsåret 1940.

Eg vil kalla ordi hans profetiske.

Ludv. Jerdal

Nye medlemer i Norsk Måldyrkingslag

På årsmøtet i november 1989 i Norsk Måldyrkingslag vart desse nye medlemene innvalde:

Yverlærar, ing. Toralv Bergwitz, Aust-Agder/Telemark; topograf Sigurd Helle, Bærum/Setesdal; professor Svein M. Kile, Bergen/Sunnmøre; studiesekretær Helga Eskeland Mehl, Hordaland; professor dr. juris Mons Nygard, Bergen/Sunnmøre; bladmann Åni Rysstad, Bærum/Setesdal.

Ved inngangen til krigsåret 1940

Eit kvede av Heming R. Skre

I Gula Tidend for 30. desember 1939 stod dette diktet av redaksjonssekretæren og skalden Heming R. Skre. Det er merkt av krigsvinteren, og i april 1940 kom tyskarane, Heming R. Skre vart fastsett, send til Tyskland og miste livet der:

Det jagar brandraud sky um lange grenser,
av svik det svid og missgjerd jagar villt.
Og yver skrida som mot avgrunn skrenser
gnell domsbasunen: «Livet er forspillt.»

Det kvarv og kjøvdest frægdarfolk og bygder,
dei gode seder visna ned som høy.
No sloknar alle land og alle dygder,
og enn den siste hjarte-eld må døy.

Kven torer tru me bergingsråder kjenner?
At skrida stoggar fyrr ginungagap?
Alt sturtar ut og gyv i fjom og fenner,
vår jord vert himmelrømders stjernerap.

Og likevel, ei von heng fast i bringa,
og viljen skrik: «Gjev livet enn ei tid.
Gjev tid. So skal me kvar ei trollmakt tvinga
til verdi blømer gudevigd og blid.»

Men stålørn øyder, jarnklo grip og krasar.
Snart pryder gravkross-skogar kvar ein mo.
For stødt forseint - når død og djevel rasar,
stig ættvill sukk: «Å, Gud, kvar er du no?»

Målungdomen på framveg

No når me sigler inn i 90-åri, høver det med ein liten glytt på dei mange fullførde og planlagde tiltaki til målungdomen. Målungdomen hev sett seg den kravfulle fyreloga at alle nye lagsfolk skal få tilbod um uppskuling i mål/måltenkjing; kursverksemd og spreiding av upplysningskrifter hev ein viktug plass i arbeidet. Kring årsskiftet kalla NMU-skulen til samling i Nidaros, og i-målsskeidet i Sogndal vekte jamvel sume mållagsfolk som elles tykkjest sova tungt. Målungdomsbladet EG, upphavleg eit indre meldingsblad, vert no lese med forvitne av mange vakne målfolk i alle aldrar, og bladet hev emne i seg til å nå endå fleire (EG kostar no kr. 100,- i året for ikkje-medlemer; tilskrifti er Nordahl Bruns gt. 22, 0165 oslo 1).

Målungdomen hev stige fram både i møteliv og i avisor, og me høyrer at lagsflokken hev auka med 421 etter siste landsmøte. Elles driv målungdomsflokken eit djervt arbeid for å få betre norskbøker på dei høgre lærerstadene; dei krev eit skapleg norsk mål i pensumbøkene i målvitskap og ljodlæra, og dei vil ha att «Norsk grammatikk», 1934-utgåva, av Leiv Heggstad. Rekneskapssummane til målungdomen hev runda millionen, høyrer me, og årsaki er serleg studiearbeidet som hev dobla seg i 1989. Skort på leidarar skapar vanskar i mange samskipnader, og heller ikkje målungdomen gjeng heilt fri her; i visse landsluter hev det vore flokar i so måte.

No um dagen legg målungdomen planar for landsmøtet sitt. I februar skal dei vera med på EF-dryfting i Stavanger, tilskipa av Noregs Mållag, og i mars/april emnar dei på studentkonferanse i Nidaros. Dessutan hev dei tankar um andre framstøytar, m.a. meir målarbeid i Østfold og skiping av nye lag.

Jarl

Målreising og måldyrking

På årsmøtet i Norsk Måldyrkingslag 18. november innleidde Bård Eskeland um «Norsk mål ved år 2000». Han er talsmann for Norsk Målungdom, men sa elles ifrå um at det var sine eigne tankar han kom til å bera fram. Og dei var både sterke og klåre. Her kjem nokre spreidde glimt:

Å dyrka målet for di det er **gamalt**, held ikkje. Det ein har tru på, vil ein dyrka. Å dyrka målet for di det er **vent**, held heller ikkje. Det ein er glad i, tykkjer ein er vent. Det finst ingi «fri utvikling». Dårleg norsk vert kalla moderne no.

Måldyrking er ei nasjonal sak. Me skal ikkje vera smålåtne. Det me siktar mot er: **Det fullnorske. Det som syner strukturen.**

Nynorsken må vera open for gode målføreord. Me må leggja vinn på norsk ordleggjing.

Rettskrivingi er politiske symbol. Måldyrkingslaget bør sky læreboknormalen. A-infinitiv og a-ending i ub.f. av linne hokjønnsord bør fylgjast: «å syngja ei visa». Og det bør heita **visor** i fl.t. Me må få røynleg jamstelling millom a-mål og i-mål. Ordi **um, upp, burt** bør ha **u**, som er romsleg for uttalen, medan **o** lett gjeng yver til **å**. Dei «daude» **d**-ane må innatt. Det som gjeld no, er ulogisk. - Det einaste «pedagogiske» i gjeldande rettskriving er at ho mest mogeleg skal likna bokmål!

Bård Eskeland tok so for seg vokalsystemet i norsk, med naturlege yvergangar og ljodbrigde. I det heile synte han bygnaden og samanhengen i norsk mål på ein klår og greid måte.

I ordskiftet etterpå tok han fram ein tanke um at det no bør koma eit nærare samarbeid millom alle lag som vil eit norsk mål, og nemnde då serskilt: Ivar Aasen-sambandet, Vestlandske Mållag, Vestmannalaget, norsklynde spelemannslag, Norsk Målungdom og Norsk Måldyrkingslag.

Dette vart det noko ordskifte um. Men dei fleste var med på tanken. Alle let vél yver det som Bård Eskeland hadde bore fram, og sette store voner til Norsk Målungdom.

Meldar

Val i Norsk Måldyrkingslag

På siste årsmøte i Norsk Måldyrkingslag (Akademi for det Norske Målet) vart Magnus Robberstad attvald til formann. Sigurd Sandvik og Per Hovda vart attvalde til styret. I styret sit elles Ivar Eskeland og Hans Sørbø.

Vestmannen.

Vestmannen kjem til vanleg ein gong i månaden.

Bladpenger kr. 100,- for året.

Kan tingast på alle poststader og beinast frå «Vestmannen», Helge Liland,

5065 Blomsterdalen.

Postgiro: 4 25 63 92,
Bankgiro: 8401.21.43027

Utgjevar:
Vestmannalaget,
5000 Bergen,
Telefon (05) 31 79 29/31 31 16.

Bladstyrar:
Jostein Krokvik,
6143 Fiskåbygd
Telefon (070) 21 429

Forretningsførar:
Helge Liland,
5065 Blomsterdalen,
Telefon (05) 22 67 00

Sats/trykk:
Sigurd Olsen Boktrykkeri, Bergen

Gåveliste til Norsk Bokreidingslag L/L

Lars Kvamme, Hjelmås, 100 - Georg Nyborg, Kysnesstrand, 100 - K. Indrebø, Vøyenga, 1.000 - Ingjald Bolstad, Voss, 100 - Gerhard Garatun-Tjeldstø, Nattland, 100 - Bertine Stuestøl, Lyngdal, 100 - Magne Myhren, Oslo, 200 - Bygdelagsnemndi i Bergen, Bergen, 200 - Oskar Telnes, Fjell, 200 - Robert K. Anderson, Hovin i Telemark, 200 - Agnar Kleppe, Ulvik, 50 - Martin Votlo, Indre Arna, 100 - Gunnar Gilberg, Minde, 100.

I alt kr. 2.550,-

Fyrr innkomne kr. 25.830,-

I døri til 90-åri

Me hev nett runda siste tiårsskiftet på dette tusundtalet og sigler inn i 90-åri på ei bylgja med brusande 80-årstankar - fridom, sjølvstende, folkestyre, jamstelling, romsemd. Totalitære lærebygg fell, ute som heime. Til bylgjedraget høyrer nasjonale målkrav, og i vår heimlege hage hev den statsprogrammera **samnorsktanken** vorte ein bumerang.

Men den brostne samnorskdraumen spøkjer framleis hjå sume. Slik er det når gudar sviktar; det trengst tid til å sanna den nye røyndomen. Bokmålet fekk sitt liberaliseringsvedtak alt i 1972, det gjekk attende i dansk leid tvert gjenom 1938-reglane. Men enno i døri til 90-åri nektar språkrådsfleirtalet oss den same liberalisering i tradisjonell norsk leid.

Eit viktugt 80-årsdrag er at målungdomen hev gjeve Aasen/Indrebø-fronten ny styrke. Dette spår ei onnor framtid enn målblandingsakademikarar hadde venta; dei skal avløysast av dagsens målungdom.

Millom mållagsfolk er den stridaste utgåva av den sokalla dialekt-lina i nedgang. På sitt verste vilde denne «lina» setja norsk mål attende til tidi fyre Aasen. Sume gløymer, ser det ut for, at det er den norskrøtte luten av målføri som er viktug for norskmålsreisingi. Ei dialekt-reising utan ordet **norsk** til kjennemerke kann like godt tuftast på bokmålet.

Ein forlagssjef sa i 1989 at dialektdyrkingi er grunnen til at forlaget hans vantar nynorske manuskript. Um forlagssjefen sette det heile på spissen, burde ikkje utsegni koma uventa på nokon; eit litteraturmål kann ikkje i lengdi vanda sitt eige veregrunnlag - stilmynster, skrivemåtar, bøygjingsformer, struktur, grammatikk, ordskatt - utan at det hemner seg lagnadstungt. Kjem det ikkje på eikor vis ei skriftspråkleg atterføding, må manuskripti til sist verta **heilt** burte.

Bokreidingslagsbøkene var fleire i 80-åri enn nokon gong tidlegare, med verdfulle utgjevingar. Og Bokreidingslaget hev ikkje stade radt åleine um bøker med norskmålskvalitet. Minnehøgtidene, serleg Indrebø-høgtidi i 1989, styrkte norskmålsreisingi og openberra den indre krafti.

Bladet Vestmannen kom med 80-årsbylgja, og bladet hev fylgje med skrifter frå Måldyrkingslaget og frå målungdomen. I pressa stend me sant nok veikt, men me gjeng sterkare inn i 90-åri enn me gjekk inn i 80-åri.

Påansande nok vert det atter skipa til norskmålsskeid av gamalt merke - i måldyrking, normaltalemål og i-mål. Slik tok måluppleringi i si tid til, med eigi kursverksemd. Og verksemdi trengst - serleg so lenge dei tradisjonelle norske formene er forbodne i det offentlege skuleverket.

Men det trengst meir hjelpetilfang på mynstergildt skriftmål, ordlista og grammatikk. Riksmålsfolket fekk si ordlista alt i 1952, vår ordlista er enno ikkje komi! Me trur målungdomen er dei rette til å gjera handgripelege upptak her; på den kanten møter me ei kraft og ei framdrift som det er vanskeleg å finna maken til etter krigen.

Venteleg er det berre spursmål um tid til Aasen/Indrebø-synet slær gjenom med full tyngd i mållagsflokken. Det let seg knapt gjera no lenger å konstruera upp noko anna grunnlag for målstrevet enn den nasjonale reisings- og sjølvhevdingstanken, og truskapstanken.

Ordi til Gustav Indrebø skal sanna seg endå tydelegare i 90-åri: det norske målet lyt gravast upp att or jordi med fingrane.

J. Kr.

Gåveliste for Vestmannen

Hans Sørbø, Oslo, 100 - Magne Myhren, Oslo, 50 - Halldis Torvund, Hinna, 100 - Lars S. Morken, Manger, 100 - Theodor Midttun, Haugsvik, 50 - Fridtjov Eidhammer, Øvre Vats, 100 - Oskar Telnes, Fjell, 100 - Svein M. Kile, Skjoldtun, 100 - Synneva Urheim, Lofthus, 200 - Kjell Thomsen, Rådal, 100 - Oskar Sønderland, Odda, 50 - Johannes Heggland, Tysnes, 100 - Bjørn T. Aakre, Valle, 100 - Ludvig Jerdal, Bergen, 100 - Einar Torgilstveit, Fyllingsdalen, 50 - Synneva Skaar, Seim, 50 - Magne Rommetveit, Nesoddtangen, 50 - Martin Raaheim, Ridabu, 250 - Kåre Holsbøvåg, Kleive, 50 - Louise Bjørkum, Frekhaug, 50 - Jørgen Tveiten, Hosanger, 100 - Bertine Stuestøl, Lyngdal, 100 - Jørgen Ous, Oslo, 100 - Martin Votlo, Indre Arna, 100.

I alt kr. 2.250,-

Me takkar gjevarane
VESTMANNEN
Helge Liland
5065 Blomsterdalen
Bankgiro: 8401.21.43027
Postgiro: 4 25 63 92

Bladpengane

Me minner dei som ikkje hev sendt bladpengar for 1990 um at dei ikkje må gløyma senda sin skjerv.

Helsingi frå styret i Vestlandske Målungdom i Sogndal kom for seint til at me kunde få henne med i Indrebø-året. Men ordi er ei høveleg opning til 90-åri:

Gustav Indrebø 100 år

Den 17. november 1989 var det 100 år sidan målgranskaren Gustav Indrebø vart fødd. Indrebø hadde uvanleg godt lag med vitskapleg arbeid, og han hev hausta mange lovord for utgreidingane sine. Men Indrebø stengde seg ikkje inne med vitskapen sin, han ville og nytta kunnskapane sine til beste for land og folk. Han var yvertydd um at det ville vera til stor vinning for folket um me kunne taka i bruk det norske målet, og han la ned mykje arbeid i dei samskipnadene som stridde for målreisingi. Utan å taka munnen for full, kan ein vel segja at den største innsatsen hans var at han nytta vitskapen og fagkunnskapen sin til gagn for målsaki.

I målbrigdesaki fekk han mykje bruk for fagkunnskapen sin. I tråd med ynskjemåli frå styremaktere gjorde rettskrivingsnemndi framlegg om brigde i nynorsk i bokmåls lei. Indrebø meinte heile tidi at eit samlande norsk skriftmål laut tuftast på fullnorsk grunn. Striden for norsken laut førast ved å dyrka og verna målet, ikkje ved å leggja det nærare innåt norskdansken. Indrebø kom med mange merknader og motlegg til rettskrivingsnemndi, men han vart diverre ikkje høyrd.

I dag møter vi ofte eit bilete av Indrebø si målreising som «folkefiendsleg». Det syrgjelege er at dette biletet kjem frå målrørsla. Det er ei stor ulukka at den rørsla som skulde strida fram det norske målet hev godteke dei råmene som styremaktene hev sett. Her skulle ein heller ha lært av Indrebø, som ikkje var redd for å koma med merknader og motlegg til styremaktene sitt syn i målstriden.

Oppgåva til målrørsla er nettopp å gjeva nasjonen attende sitt eige mål. Målstoda i Noreg er ei fylgje av manglande norsk vilje hjå målfolk. Skal me vinna målstriden, lyt me føra striden på fullnorsk grunn.

Lat oss vona at hundreårsminnet vert til kveik i arbeidet for oss som arbeider for eit fullnorsk skriftmål, og eit høve til å tenkja seg um for dei som vil ha «målreising» på samnorsk grunn.

VMU minnest Gustav Indrebø, og helsar alle lag som vil vera med på å føra striden hans til ende.

Styret i Vestlandske Målungdom
v/Sveinung Helgheim

Bunden til folket

Gustav Indrebø sa til Agnar Skeidsvoll i Ung Noreg i 1935 kvifor han tok pårøyningi med rettssaki året fyrr (Indrebø-saki):

Fordi eg kjenner meg bunden til dette folket, som eg er komen ifrå, og som eg ikkje vil skilja lag med, hev eg vore viljug til å taka dei ulempone som fylgjer med ein sensasjonsprosess som denne saki. Eg segjer ifrå, so mykje folk skal vita det: Eg er viljug til å taka dei ulempone ein gong til, um det syner seg turvande.

Kva for lærebøker?

Bøkene i fonetikk og språkvitskap som er påsikta i den kvasse utsegni frå Studentmållaget i Oslo, er «Språkvitenskap - en elementær innføring» (Hanne G. Simonsen, Rolf T. Endresen og Even Hovdhaugen) og «Fonetikk» (Rolf T. Endresen).

Prøvone i fonetikk og språkvitskap er obligatoriske for studentar i språkfag. Målstudentane meiner at målføringi i slike lærebøker bør vera eit mynster for studentane i målvegen, medan det meste av nynorskluten i desse pensumbøkene i dag nærast er det motsette.

Studentmållaget i Oslo med sterk fråsegn um målet i pensumbøkene i fonetikk og språkvitskap

Halvårsmøtet i Studentmållaget i Oslo i desember 1989 vedtok ei sterk utsegn mot «nynorsken» i pensumbøkene i fonetikk og språkvitskap ved Universitetet. Jamvel i våre dagar må målet i desse bøkene kallast reint uvanleg hjelpelaust og slurvut, med uppstyltra substantivisk, passivkonstruert stil og mengder med språklege heimløysor. «I beste fall samnorsk», skriv målstudentane um den umhandla «nynorsken». Til utsegni høyrer ei lang og skræmande lista med språkdøme frå pensumbøkene. Plassen rekk ikkje til denne lista i Vestmannen, men lesarar som ynskjer det, kann få henne frå bladstyraren. Utsegni lyder:

I føreordet til språkvitskapsboka les vi at «I stedet for parallellutgaver på bokmål og nynorsk har vi valgt å fordele kapitlene på de to språkformene». Endå dette gjer at studentane fær sjå mindre til si eiga målform (og det er nynorskingane som ser minst til henne frå før), kan ei slik løysing vera grei i utgangspunktet.

Fyrst kan det sjå ut som nynorskingane er velsigna med ei overvekt av målet sitt. Heile fonetikkboka (140 tekstsider) pluss 130 sider av språkvitskapsboka på 320 sider. Diverre er det berre kapittel 6 (15 sider) av Kåre Skadberg og tillegg 2 (6 sider) av Even Hovdhaugen som er skrivne på skapleg norsk. Resten av «nynorsken» er i beste fall samnorsk. (Med andre ord: 21 sider nynorsk, 270 sider samnorsk og 190 sider bokmål). Så å seia ikkje ei setning (på dei 270 sidene) har røter i nynorsk tradisjon. Det gjeld både ord, former og ikkje minst setningsbygnad.

Dermed er det ikkje sagt at målet er nyskapande. Tvert om. Det er stint av bokmålsklisjear, slarkute omgrip og slurvut målbruk (med andre ord direkte feil og inkonsekvensar). Det er greitt nok at folk skriv såleis - men i ei lærebok på universitetet? Dersom fagfolk meistrar målet så dårleg - kva kan ein då venta seg av studentane? Ein lyt spørja seg kvifor ein som vanvyrder nynorsken så styrlaust ikkje like godt nyttar bokmål i staden for å rive nynorsken ned frå innsida. Ein gjer ikkje nynorsken noko beine med å nytta han på denne måten. Tvert om misser mange all vyrdnad for eit så rotut og vinglut mål.

Det er òg typisk at bokmålsbolken er skrive på tradisjonelt mål, medan samrøringa går utover nynorsken. Mange vert distraherte i tileigninga når dei møter målet «sitt» på denne måten.

Studentmållaget i Oslo rår til at a) bøkene kjem i parallellutgåver eller b) fonetikk/fonologi/morfologibolkane vert skrivne eller omskrivne av ein som kan nynorsk nokolunde.

Slik i forbifarten . . .

Eg såg i Vestmannen at Einar Økland er omtala som målblandar. No kan han visseleg forsvara seg sjølv, og det gjer han til fulle i det han skriv, men likevel ein liten kommentar: Einar Økland har eit svært nært og levande språk, eit språk og ei form som fungerer framifrå, slik at innhaldet vert det viktige og det formelle kjem i bakgrunnen. Dette tyder på at språket er ein tenleg reidskap for tanken, og nett slik brukskunst har vi bruk for. Bokstav- og rettskrivingstrælar når aldri så langt. Først når det skrivne er slik at rettskriving og grammatikk vert uviktig, er språket verkeleg godt. Einar Økland skriv på denne måten, og etter kvart mange med han, og det er alle desse som ber den norske litteraturen i dag. Det er snakk om ein språkleg musikalitet som grovsmedane i ordsmia aldri vinn fram til. Medan eg sit og skriv dette har eg nett lese Økland si bok «Måne over Valestrand» - ei framifrå tankjevekkjande bok - og romanen «Begynnelsen» av Lars Amund Vaage, også ein språkkunstnar med musikk og rytme i språket.

Og kva med fedrene? Verken Aasen, Vinje, Garborg, eller dei som kom etter var rettskrivingstrælar. Kva med Duun og Vesaas?

Vi treng eit språk som kan nyttast både i kvardag og fest, og ikkje gjera slik som ein del vestmenn og andre imålsfolk gjer, at dei slår om til bokmål/riksmål i ulike samanhengar. Slikt vitnar om lite tru på eige språksyn.

Sigbjørn Heie

Skipstunnel gjenom Stad

For nokre år sidan la hardingen sivilingeniør Bjarne Instanes fram ein plan um å slå ein kanal gjenom fjellet ved Selje, inst inne på Stadlandet. Ideen var god og fekk medhald hjå kystfolk og styresmakter. Saki er den at leidi rundt Stad er ei av dei fårlegaste på heile norskekysten. I åri etter 1954 hev 29 menneske mist livet i forlis der. Mest alltid er det storm ved Stad, av dei 31 dagane i januar er det på jamnan 28 stormdagar.

Difor kann det vera truvande med ein skipstunnel gjenom fjellet millom Eide i Moldefjorden og Kjøde i Vanylven, 1800 meter lang, so stor at fiskebåtar, fraktefarty og snøggruta kjem igjenom.

Kostnaden er fyrebels rekna til 160 mill. kr. Men kva er det når mange liv kann bergast?

Vegen fram

Bladstyraren i Vestmannen let meg lesa innlegget frå den vyrde pedagogen Sigbjørn Heie. Når Einar Økland i den uhøgtidelege notisen vart utteken som «målblandar», so var det einast tilfelleleg, av di han stod lagleg for hogg.

Det er berre det røynlege at no er det meir enn ein bokmann i Sunnhordland som blandar bokmål med nynorsk. Einar Økland gjer det på ein sympatisk måte, for han eksperimenterer med drivkreftene. Men stundom hev han vanskar med genitiven (ordas - og andre das: Oddas), og han stiller seg i stiv giv agt framfor beklaga-bytingane.

Heie er inne på dette med «språkleg musikalitet», men når målblandaren no byter ut musikalske norske vendingar og ord med sjaskute dansknorske - **forhold(a)** for **tilhøve** og **håp** for **von** t.d., so fær du ein håplaus musikalitet. Og når pedagogen lærer at fyrst «-når grammatikk vert uviktig, er språket verkeleg godt» - då ser me at den unge journalisten ikkje kann bøygja eit einstavings hankjønsord. Ja, då må det vera langt fram til målstreken.

Heie hev sjølvsagt rett i at det er lett å triva til bokmålsord, stundom i vanvara, og ein nynorsk roman med bokmålstittel fær heilsides umtale i oslopressa. Det er økonomisk forsvarleg - nett no. Men endelykti -?

Conrad Clausen



Er klassisk nynorsk eit meiningslaust mål i barnebøker i 1989? Det meiner John Roald Pettersen som melde siste boki til Jostein Krokvik i Sunnmørsposten. Han kjenner tydeleg ikkje dei sterke kreftene i motsett leid, serleg millom målungdomen. Men i fall bokmeldaren skulde ha/få rett, hev den statlege målreformismen sementert eit viktugt steg på undergangsvegen for norsk skriftmål. Det spørst på styrken til Aasen/Indrebø- folket. Meldingi stod i Sunnmørsposten 12/12-1989:

Barnebok for eldre målfolk

Av John Roald Pettersen

bøker

Jostein Krokvik: Det gåtefulle tårnhuset Norsk Bokreidingslag

Den tidliere redaktøren av Norsk Barneblad, Jostein Krokvik, kjem denne hausten ut med si tiande bok for unge lesarar – «Det gåtefulle tårnhuset». Dessverre synest Krokvik å vere meir oppteken av eigne prinsipp for nynorsk rettskriving enn av å nå fram til dei han skriv for. Eit svært dårleg utgangspunkt for ein forfattar.

Forteljinga i «Det gåtefulle tårnhuset» er som tittelen seier spunnen rundt eit tomt og mystisk gamalt hus, der dei to jentene Sussi og Tussi(!) høyrer skumle lydar og ser nifse ting. Far og bror til Sussi meiner at dei finn ei løysing på gata, men jentene er ikkje heilt overtydde. Ei enkel historie, med tradisjonelle spaningsinnslag, som sikkert kunne ha fungert som underhaldning for ungar – om dei hadde orka å streve seg gjennom ho. Det trur eg ikkje dei gjer, for Jostein Krokvik brukar eit håplaust gamaldags språk, med ord og vendingar som berre dei eldste og mest ihuga målfolk kan tenkjast å stå inne for.

I Krokvik sitt språk er det «knuvlande myrker» i det gamle huset, og dei «tvo veninnone» Sussi og Tussi talar «um den påmeinte uppklåringi av tårnhusgatone». Eit slikt språk er det meiningslaust å bruke i ei barnebok i 1989. Boka kan nok ha språkhistorisk verdi, men som barnebok er ho ubrukeleg.

Blix-salmen
Gud signe vårt dyre fedreland

So langt me kjenner til er det i 1990 100 år sidan nasjonalsalmen vår «Gud signe vårt dyre fedreland» av Elias Blix (1836-1902) kom på prent. Terje Aarset på distriktshøgskulen i Volda fortel at salmen stod anonymt i **Nordmannen** nr. 44 den 13/11-1890.

Conrad Clausen hev peika på at salmen truleg vart skriven året fyreåt, i 1889, og han dreg fram eit tvilsmål: Torkjell Djupedal skreiv i Gula Tidend den 15/2-1989 etter far sin, Reidar Djupedal, at Blix skreiv salmen på baksida av **Lillehammer Tilskuer** for 14/2-1889. Men i Norsk Tidend nr. 8/1952 skreiv Reidar Bolling at Blix skreiv salmen på baksida av avisa **Framgang** på Lillehammer, som Matias Skard styrde då. Denne avisa skulde vera dagsett 16/2-1889.

Kva er rett, spør Conrad Clausen. Og det same spør me her.

I kladden hadde fyrste verset denne formi, framleis etter Clausen:

Gud signe vaart dyre Fedraland,
Lat det som din Hage bløma,
So Lukka maa gro fraa Fjell til Strand
Og Ufred og Illgjerd røma,
Og lat oss som Brøder saman bu,
Som kristelegt Folk kan søma.

Sidan fekk verset den meir fullkomne formi som me kjenner i dag (etter Nynorsk Salmebok 1949):

Gud signe vårt dyre fedreland
Og lat det som hagen bløma!
Lat lysa din fred frå fjell til strand
Og vetter for vårsol røma!
Lat folket som brøder saman bu,
Som kristne det kann seg søma!

J. Kr.

Frigg og fredag

Sidan Frigg-namnet hev fenge nybløming i Nordsjøen, kann det vera moro å sjå på kva som er kjent um upphavet til namnet. Frigg var ei germansk åsynja, ein kvinnegud, og kona til Odin. Ho hev vorte rekna for hovudguden på spinnesida. Namnet hev samanheng med det gamalnorske ordet **frjá**, som tyder å elska, og skyldskapen med ordet fria er lett å sjå. Frigg heldt seg i Fensal saman med Odin, der dei stelte med verdsens lagnad.

Det er få merke etter Frigg i nordiske stadnamn, men derimot møter me Frigg i dagnamnet **fredag**. Fredag heitte **frjádagr** på gamalnorsk. På Island heiter dagen no **föstudagur** (fastedag), medan dei på Færøyane kallar dagen **friggjadagur**. Dagsens nordiske fastlandsavbrigde av namnet, fredag, skal vera innlånt frå sørlege germanske mål (der det i dag heiter Freitag, Friday, Freedag, Friedag, fraidi, freidai, friidai, freed - på høgtysk, engelsk, nedertysk og ymse frisiske målformer).

Jørgen Espelund,
gudbrandsdøl og sogeforfattar

Jørgen Espelund gav i fjor haust ut boka «Storflåmen 1938 og andre minner frå Vågå, Bræbygden og Heidal*. Dette var andre boka hans. Den fyrste heitte «Murudalen før og nå» og kom ut i 1987. Båe bøkene kom ut hjå Dølaringen Boklag på Lillehammer.

Jørgen Espelund (f.1926) er fødd i Heidal i Nord-Gudbrandsdalen. Heidal høyrde frå gamalt til Vågå herad.

Den siste boka er ei drjug bok på 296 sider. Ho er, som tittelen fortel, ei minnebok, frå fyrst på dette hundradåret og framover til 1938. I fyrstninga er det meir spreidde glytt, men frå den tida Espelund sjølv tek til å minnast, blir det ei breiare skildring. Vi fylgjer bokskrivaren i ålvor og leik, heime og på sætra. Ei tid budde han hjå farsystera på Lalm i Vågå. Storflaumen i 1938 er hovudkapitlet i boka. Flaumen og dei store skadene gjorde eit sterkt inntrykk, særleg på ein tolv års gamal gut.

Bokskrivaren har stor vyrdnad for heimegrenda og for dei som har gått føre, og skildringane hans har vare understrengjer av livsvisdom og varme.

For ikring tolv år sidan vart Espelund blind. Han har sjølv sagt at etter dette har han sett barndomsåra i eit klårare ljos. Det er forvitneleg å sjå kor detaljrikt Espelund minnest; han må ha eit nærast fotografisk minne.

Espelund har freista å skrive på tilnærma dialekt. Det spørst om han kanskje hadde nådd ein vidare lesarkrins om han hadde skrive eit meir normalisert landsmål, ein nynorsk farga av målføre. Likevel skal det vera sagt at boka hans er god å lesa. Ordlegginga og forteljarmåten er framifrå. Han nyttar òg mange gode og råkande uttrykk frå bygdemålet.

Bøkene hans har vonleg interesse ogso utanfor Gudbrandsdalen. Tilskrifta til Dølaringen Boklag er: Christopher Bruuns veg 1, 2600 Lillehammer.

Gudmund Harildstad

William Heinesen,

den fantastiske og mangslungne diktaren på Færøyane, fylte 90 år no 15. januar. Han debuterte då han var 21 år med diktsamlingi «Arktiske elegier», og heile 7 diktsamlingar hev han gjeve ut. Men det er i romanane han hev fenge si beste utløysing. Stoffet hev denne fabulerande diktaren henta frå det trollske og uvanlege Føroyar, frå eit miljø der eventyr med troll og heksor spela so sterkt inn i kvardagen. Han skriv dansk, men er ekte færøying i hug og hått. Han er umsett til mange språk, og han er uvanleg folkekjær. Ikring 25 bøker hev han skrive.

Han er heidra med den nordiske litteraturprisen, og mange gonger hev han vore nemnd som kandidat til Nobelprisen.

Nokre av bøkene hans er komne på norsk, i gode umsetjingar av Inger Hagerup, Gunnar Reiss-Andersen og Ivar Eskeland.

B l ó m i n

Eg sýnir blómin fram
í úhuld vænleik
han lýsir bjart
í lit og línuspil;
han er eitt svar
eitt fagnaðkvað,
ein lovsong
til tankin
skaparin,
sum skipað' til

Han er 'ki finnandi
á alli vegir
má leitast upp
og takast varlegt inn,
og han er varsild, vyrk
og vandsam um sitt egið
og vil 'ki mengjast með
hvað fræ dú finn

For han er ætlað ævilív og æra
úvisnandi údöyjulegdóms-verð;
só var dað jamt,
só skal dað alltið vera
með alt sum vart
ei kærleikshelsing her

Skjoldtun 25 november 1989

Eigil Lehmann

elegi-klagesang vemmodsvise

Tonen frå himmelen

Tekst: Arne Horge
Teikningar: Rannei Horge

Bernhard Severin Ingemann, han var presteson, fødd 28. mai 1789 på Thorkildstrup prestegard på Falster i Danmark, og me ser at det var 200 år sidan i 1989. Um heimstaden sin skreiv han i «Levnedsbog», 1862:

Du var mig hele Verden, du lille grønne Ø,
imellem de dybe Sunde og brusende Østersø.
Med Pragt staar op fra Grønsund din Sol hver Morgenstund,
ved Kvæld den til sit gyldne Slot nedruller i Guldborg-Sund.

Berre fire linor og radt møter me den fulle Ingemann-tonen, det hjartetakande inderlege og den stille stordomen. Han søkte tonen frå himmelen, og han leitte so beinvegas etter honom at han sette upp vindhorpor, til dømes i lindetrei i hagen ved Sorø Akademi der han vart tilsett som lektor i dansk språk og lesnad i 1822.

«Eg meiner det finst ei uendeleg klangverd. Vansken er at ein kjem aldri heilt med i denne andre verdi.» (Alfred Schnittke, russisk tonesetjar, fødd 1935.)

«Stilla der uppe var som ein sus, mest uhøyrleg. - ein låg varleg sus, forunderleg å lyde på. Innimillom veik óm, ein fjerr song eller kva det var? Sped minning um feleljod? Det låg inni stjernesusen alt dette som tona og fylgde til jords.» (Olav Sletto, norsk bokmann, 1886-1963.)

Og me går i lag åt Ingemann, åt andre verset i «Valfartssang» til tonar frå ein pilegrimssong frå millomalderen:

Tider skal komme
Tider skal henrulle -
Slægt skal følge Slægters Gang -
Aldrig forstummer
Tonen fra Himlen,
Sjælenes glade Pilgrimssang.

Skrivemåten i dette verset har eg frå samlingi «Lysets Engel» som er utvalde Ingemann-dikt ved Dan Turèll, Gyldendal, Kjøpenhamn, 1989. Denne Dan Turèll, fyrr, i alle fall, kunde ein råke honom på Vesterbro med svart hatt og med svartmåla naglar, han er skrivande kriminalbøker, t.d. um kvinnemord kvar måndag, og han samla seg kring Ingemann som lyrikar då han skulde setja i hop ei minnebok i høve av at 200 år er gått sidan diktaren vart fødd. Ingemann-songane har fylgt oss gjenom livet same korleis verdi har snudd seg for oss: «Dejlig er Jorden» («Valfartssang»), «I Østen stiger Solen op», «Lyksalig, lyksalig, hver Sjæl som har Fred», «Glade Jul», og mange fleire. Og i ei radtalande innleiding slær Dan Turèll fast at hans meining ikkje har vore å gjeva noko fullgodt bilete av diktaren Ingemann, men draga fram det som for oss i dag framleis ber i seg tonen frå himmelen.

Difor nemner Turèll lite um sogeromanane. I si tid hadde dei mykje å segja for dansk sjølvkjensle i striden mot det tyske, men no er dei mest uleselege, eg segjer «mest,» for eg har eingong kjempa meg gjenom ei av desse digre bøkene, «Kong Erik og de Fredløse,» 1833. - Og difor nemner Dan Turèll dramatikaren Ingemann so å segja berre i boklista. Sjølv visste eg knapt at Ingemann hadde skrivi for teateret, t.d. «Magnetismen i Barberstuen. Comoedie», 1821. Difor har Turèll teke med diktet «Sulamiths Sang mellem Blomsterne» frå spelstykkjet «Salomons Ring», 1839, medan spelet ikkje vert umtala.

Jeg er «Rosen fra Saron», Salomons Lyst.
Naar hans Blik til mit Øie klæber:
Hans Bryst har bævet mod Sulamiths Bryst,
Og hans Leber mod Sulamiths Læber.

Naar jeg hører hans Navn i Hyrdernes Sang
Og hans Hæder paa Jomfruers Tunger,
Min Mund er stum; men min Tanke har Klang,
Og i Sulamiths Hjerte det sjunger.

I dit Navn er der Storhed, Skjønhedens Søn!
Derfor elske dig Libanons Piger;
Den Sjæl, som elsker dig høiest i løn,
Kun til Roser og Lillier det siger.

Til side 11

Frå ein språkleg ugrasåker

«Nærheita og «Stillheita» må «ikkje tolkas dithen».

- Endeleg er illviljen mot norskt mål og den skræmande vankunna um målet sett på plass. Dette segjer formannen i Vestmannalaget, Ludv. Jerdal, på ein spurnad frå «Vestmannen» um den fråsegni som kom ifrå Studentmållaget i Oslo på slutten av 1989. I dette numret gjev me att fråsegni, men av plassumsyn utan dei mange døme som er tekne med, døme på korleis norskt mål no vert skamfare og gjort ubrukeleg - i lærebøker i fonetikk og språkvitskap - på universitet og høgre lærestader.

- Ja, den bolken bør bladet gjeva att i næste nummer, segjer Jerdal, som er ein av dei som hev teke imot kopi av fråsegni. Og han legg til:

«Stillheita», «nærheita», «beslekta», «stifte bekjentskap med», «kjærligheita» og «oppmerksamheita», og det som «ikkje må tolkas dithen», det er berre nokre fåe einskildplantor henta frå ein språkleg ugrasåker som norske studentar no skal ha til rettleiding.

I 1989 hende utrulege ting i Aust-Europa. Lygner og valdsverk vart sett på plass - av sanningi. Takk skal Studentmållaget i Oslo ha for at laget no segjer sanningi um den systematiske øydeleggjingi av norskt mål som skuleverket, lærebokforfattarar, Noregs Mållag og Norsk Språkråd og sume målblad og «målvenlege» blad no hev drive i årevis, her i vårt land.

Einskildmenn og samskipnader hev stundom sagt sanningi um uppblanding og øydeleggjing av norskt mål. Men då fekk dei alltid høyra at dei var både gamle og umoderne. **Det** kan ikkje segjast um Studentmållaget i Oslo. Tvertum! Difor: Stor takk! sluttar Jerdal.

Conrad Clausen:

Jærbuen som vart diktar i Montana

Lengten er ei undersam sjelerørsla, synleg og usynleg, veik og sterk, og orsak til meir enn mangt. Alle lengtar. Sume lengtar ut, andre lengtar heim. Jamvel Meisteren frå Nasaret - so lengta han etter ei sæl bordseta saman med sine.

Desse minneordi um jærbuen som lengta, er rita her etter di det hadde seg so at **Torgeir Edland** vart fødd på garden Bø på Nærbø, Jæren, 14. januar 1889 - hundrad år sidan. I hans ungdomstid var det armodsleg på arbeidsmarknaden, og det gjekk ein straum til Amerika. Torgeir kom tildels med i den straumen. Den 3. juli 1905 stod guten millom andre jærbuar i Glendive, Montana, - og alt den 6. juli var han i godt betalt arbeid på jarnvegen. Montana er som kjent ein stat for barskingar. Frå våren 1906 til 1912 var han sauegjætar i Dawson County, Montana - og som fyrr fortald her i Vestmannen, fekk han hjå John Andersons bokhandel i Chicago tak i bøker av Arne Garborg. Då vakna håtten og melodien for det norske målet, ja, noko meir enn det, som han sa sjølv: «Det var gjenom Garborg sine skrifter eg fann fram til sjølvstendig tenkjing og livssyn».

I 1911 tok han eit skeid på den allskulen som i dag heiter Pacific Lutheran University i Tacoma. Å læra det engelske målet tok han ålvorleg. Hausten 1912 kom han heim og vart elev på Jæren Folkehøgskule: Han tok det like ålvorleg med å kunna vårt eige mål. Han vandra vegen frå bokmål til engelsk, frå det engelske til det nynorske.

Fyrste diktet hans som kom på prent i Skandinaven i 1907, var på bokmål, men etter at han hadde lese Garborg 1908, tok han til med nynorsk lyrikk. Men draumen hans var å livberga seg som jærbonde, liksom foreldri. Då so faren slokna, ervde han halve garden, gifte seg, sette bu og kjende seg heime på gamle gode Jadarland. Men etter fyrste verdskrigen kom «spanskesykja» og reiv med seg kona hans. Ho døydde frå fire små, det minste 1/2 års gamalt. - Ut i 20-åri vart det harde tider med arbeidsløysa, naud og elende på ymse vis. I 1927 laut han atter freista seg hjå sin gamle ven, Uncle Sam. Og no vart det nye seks år som sauegjætar i Montana, tvikløyvd i lengting, dregen til barndomsheim og born, bunden til grasgrodde prærien med susande universet yver seg - i trottug vandring etter leveleg utkoma.

Eg tenkte på han då me i fjor for yver dei veldige solsvidde viddene, kor han kunde bera sin lagnad og verta like kjær i Montana som i sitt eige fedreland - og som dikta Montana nasjonalsong på klassisk nynorsk (sjølvsagt óg i engelsk translasjon). Kunstnarleg utløysing fekk han reint lyrisk, snart på engelsk, snart på norsk. I langsyn kunde han sjå eit stormride heimland:

Eg stundar og stirer
mot stormridne havet.
Eg drøymer og dregst
mot det rykande kavet.
Der bårene bryt,
og der bylgjene brusar,
og stormane sterke
mot sogbroti susar.

Og når eg så nådde
det evige under,
som ingen kan granska
kor lenge dei grundar,
når livsdagen lakka,
og dødsnatti sende
mi sjæl til sitt evige
opphav attende.

Han var heimkomen då tyskarane hertok landet vårt. Men i 1952 bar det attende til Montana. Heimegarden hadde han lete yver til sonen. I atterreisingsdagane etter krigen, oreigna det offentlege gard og grunn og la god åkerjord under asfalt og cement.

- **Torgeir Edland** er ein av dei minst kjende norsk-amerikanske diktarane. So ukjend at Den norske Forfatterforening ikkje kjende honom. Det hev nok sin rame grunn: Han debuterte aldri på noko forlag. Ingen bokreidar i Noreg var viljug til å gje ut lyrikken hans - medan lettakorn på bastardmål jamt kom på innkjøp. Men Edland sjølv gav ut litt av livsverket sitt på stensil, innbunde i fire store band med tittelen «Vindharpa» - i alt 222 dikt -på norsk og på engelsk.

My dear, let us sing
While we love one another.

- Det som her er drege fram um denne ukjende skalden, er henta frå bladet «Ny Verd», utgjeve av Vinland Mållag 1975. Femtan dikt hev bladet prenta, millom deim det leikande vare «Jadarland» og det vedkjømelege «Du Montana».

Du kann segja kva du vil, men her hev Torgeir Edland gjeve ord for lengt og skapt stemningar som mange tusund av vår ætt hev bore på i stilla i år og aldrar, audmjuke og i takksemd for det smertelege som lagnaden tok, og for det verdfulle som livet gav:

Du Montana

Du Montana, deg eg valde millom syskenland i vest,
du er vorten meg så kjær som gamle moder Noreg mest.
Dine fjell og dine skogar, blånande mot himmelbryn,
bak dei endelause slettene, det er eit fagert syn.

Skal eg aldri meir få skoda dette landet som eg ser?
Skal det verta siste gongen det for synet mitt seg ter?
Dette landet som har vorte til ein lut av livet mitt,
der eg for ikring og reika millom haugane så tidt.

Skal eg aldri meir få stå på høge, frie hamartopp,
og sjå morgonsoli stiga bakum Blåfjell-kammen opp?
Eller liggja millom buskane ei sommarnatt og sjå
stjernemengdi glida framom under nattehimlen grå?

Å Montana, du Montana, du er vorten meg så kjær.
Eg skal lengta til deg - lengta til deg alltid der eg fer.
Var er stundom noko hugsår, der eg vandra på din veg -
for dei gleder som du gav meg, takk Montana, takk for meg!

Når eg nå fara skal til fedraheimen over blåe hav.
Der på vigde voll eg veit det ligg og ventar meg ei grav.
Er eg halvvegs vorten framand millom frendar langt i nord,
ho vil fagna meg i famnen sin, mi gamle fedrajord.

Torgeir Edland

Barnebok frå Island

Årmann Kr. Einarsson:
Hundehuset i Paradis
Umsett av Asbjørn Hildremyr
Fonna 1989

Hundakofi i paradis er den islendske tittelen på barneboki til Årmann Kr. Einarsson som Fonna Forlag sende ut på norsk i 1989, umsett av Asbjørn Hildremyr. Årmann Kr. Einarsson er ein av dei fremste bokskrivarane for born og unge på Island, han hev fenge Falkeordenen for forfattarskapen. Mange av bøkene hans er umsette til andre mål, soleis til dansk. På norsk kom **Himmelrikshytta** på Norsk Barneblad for nokre år sidan, sameleis med Hildremyr til umsetjar.

Hundehuset i Paradis er ei fin fortelling um brørne Store-Jon og Vesle-Jon, den eine i tidleg skulealder, den andre noko yngre. Ein sumar finn dei vegen til Paradis, hagen til ei einsleg gamal kvinna, der hunden Salomon held til. Mori er utearbeidande og for det meste åleine, ikkje uvanleg på Island; faren er fiskar. So kjem Vesle-Jon på vidvanke, og - ja, det er ei sjarmerande bok, høveleg for dei yngste og for born til langt upp i skulealderen. Årmann Kr. Einarsson fekk ei statleg heidersgåva for boki som vart prenta i 6000 eksemplar på Island. Boki hev teikningar av Brian Pilington.

Umsetjingi til Asbjørn Hildremyr er lett og liketil, slik me kjenner umsetjingane hans frå tidlegare. Han held seg til skulenormalen, brukar e-nemneform og a-endingar, men styrer elles undan nednorskande avbrigde. Fonna og Hildremyr gjer vel som sender ut godbitar frå Island til unge norske lesarar. Boki kjem med tilskot frå Nordisk Ministerråd - sjølvsagt, vil eg segja.

Jostein Krokvik

Norsk barnesong

Sunnmøre Forlag heiter eit lite forlag på Hareid. I 1989 sende dette forlaget ut «Barnesong om liv og tru», eit songhefte med tekster og notar, kring 60 sidor, innsikta mot born - mot grunnskule, sundagsskule, barnehage og heim. Bak heftet stend sunnmørstrioen Bjarne Rabben, Johan H. Grimstad og Solveig Muren Sanden, sistnemnde rett nok utflytta sunnmøring.

Bjarne Rabben er ein sers verksam bygdesogeskrivar frå Moltustranda, som hev gjeve ut mange andre ting enn bygdebøker, m.a. ei visebok for born. Johan H. Grimstad er mangsideleg komponist, kunstmålar og diktar, me hev havt dikt av han i Vestmannen. Solveig Muren Sanden er velkjend for teikningane sine, m.a. teikna ho lenge «Smørbukk» og «Tuss og Troll». Dei skulde alle borga for kvaliteten i heftet.

Nokre av tekstene var med i ei tevling um gode kristelege barnesongar, og tvo tekster vart premierte. Då kom tanken um å laga songar av meir ålment slag og til meir ålmenn bruk. Songtekstene er lette og kláre, med endefram bodskap, og både tekster og tonar hev møtt vellæte frå lærarar. Heftet er godt høveleg i song- og musikkupplæring.

Det er eit fint hefte sunnmørstrioen hev sendt frå seg, og vonleg kjem det til å setja merkje i songen og musikken til dei yngste. Det er god gjerning å styrkja det norske innslaget i barnesongen, og heftet fortener utbreiding langt utanfor Sunnmøre.

Jostein Krokvik

Fyregangsfylket i kulturarbeid

Hordaland hadde 42 pst. av alle tilhøyrarar på folkeakademi

Hordaland er det førande fylket i landet i kultur- og folkeupplysningsarbeid. 30 pst. av alle samkomor i landet tilskipa av folkeakademi i fjor vart haldne i Hordaland, og fylket hadde 42 pst. av alle tilhøyrarar på slike fyredrag.

Dette gjekk fram av årsmeldingi frå Hordaland Folkeopplysningsråd og Folkeakademi som vart lagd fram på årsmøtet i Bergen myleg. Samskipnaden hev ein breid tilslutnad av organisasjonar, både fylkeslag og lokale lag. Det er skipa mange kurs og konferansar, og folkeakademiverksemdi hev breid plass.

I ei helsing til årsmøtet peika fylkeskultursjef Åsmund Mjeldheim på dei store resultat som årsmeldingi fortalde um. Dertil minna han um at Hordaland Teater vart opna i fjor, at den kulturpolitiske tenkjing som ligg til grunn for kulturbåten «Innvik» er rett, og at Bergen no hev fenge Nordisk Danseteater, ein institusjon som òg hev plikta seg til å driva stor turneverksemd i fylket. Det hender noko på kultursektoren i Hordaland, sa fylkeskultursjefen.

Det var stort frammøte til årsmøtet, og gode programpostar attåt dei vanlege årsmøtesakene. Henny Leegaard Tvedt, Os vart attvald til formann, og til styret vart valde Einar Lotsberg, Fjell opplysningsråd, Oddvin Egge, Voss (avd. Hordaland av Det norske hageselskap), og Tom Gunnar Horn, Askøy folkeakademi (ny). Att frå fyrr stend Berit Eldøy, Stord opplysningsråd og folkeakademi, Brynhild Horvei, Bergen (Vestlandske Folkekunstlag), og Eli H. Gustafson, Åsane opplysningsråd og folkeakademi. Varamenn vart Severin Overaa, FN-sambandet, Edel Bjorstad, Kvam opplysningsråd og folkeakademi, og Turid Fosse Backer, Etne opplysningsråd. Olav Johs. Skeie, Nordheimsund er konsulent i fylkesorganisasjonen.

Tinga Vestmannen til ein kjenning!

Vestmannalaget med forvitneleg møteplan

Og i mai skipar laget messa i gamle Fantoft stavkyrkja

Stjorni i Vestmannalaget hev sett upp denne møteplanen for vinterhalvåret frå januar til mai 1990:

Torsdag **18. januar** 1990 kl. 19.00: Bryggens Museum. Universitetsdirektør Magne Lerheim er gjest. Han fylte nyleg 60 år, og han vil koma med attersyn på eit aktivt liv, og med framtidssyner. Me høyrer Lerheim i samrøda med den nye organisasjonsdirektøren i Oslo, Kjartan Rødland, som vil kommentera.

Torsdag **8. februar** kl. 19.00: Bryggens Museum: **Lyrikk-kveld.** Eigil Lehmann, Gunnar Gilberg og Kolbjørn Fjellanger les eigne og umsette dikt, og samtalar etterpå um levande lyrikk.

Torsdag **15. mars** kl. 19.00: Bryggens Museum. Nevrokirurg Haldor Slettebø frå Rikshospitalet talar (med ljosbilete) um oss menneske: «Kven er me - i grunnen (Heilen vår)»:

«Intet saa smaat at ej findes et mindre
ingen kan se.
Intet saa stort at ej findes et større
bortenfor det».

Torsdag **5. april** kl. 19.00: Bryggens Museum: **Årsmøte** med vanlege årsmøtesaker. Skulesjef Gustav Hantveit talar um redaktøren og forfattaren Olav Gullvåg.

Sundag **20. mai** kl. 11.00: Fantoft Stavkyrkja (Paradis i Fana): **Høgmessa** ved prost Alv Askeland. Til innleiding fortel konservator Tryggve Fett um dei gamle stavkyrkjone.

Etter messa stig politimeister Oskar Hordnes fram på «Kyrkjebakken» og les offentlege kunngjeringar. Vonleg fær me òg lydarslåttar på hardingfela (spelemenn frå «Fjellbekken»).

Alle interesserte er sjølvsagt velkomne til denne historiske messa. (Me vil sjølvsagt nytta «gamle-liturgien», og klokkarbøni).

Vestmannen. Me minner um bladet «Vestmannen» som laget gjev ut. Det er no inne i 6. årgangen og vert godt motteke. 10 store nummer for året, og årspengar 100 kr. Tinging til Vestmannen, 5065 Blomsterdalen. Bankgiro: 8401.21.43027, Postgiro: 4 25 63 92.

Bergar me vår jord fyrr ho er uppbruka?

Me hev alt yverskride beregrensa

Me er inne på forbode område, me hev yverskride grensor. Naturi er utsett for påkjenningar av ein slik art at me hev valet millom å halda fram med å taka ut det maksimale, eller å stogga upp. Dette var konklusjonen på eit fyredrag som spesialrådgjevar Herman Løwenskjold heldt på årsmøtet i Hordaland Folkeopplysningsråd og Folkeakademi. Emnet hans var miljøspursmål i Europa, i vårt eige land, og i den tridje verdi.

Løwenskjold er spesialrådgjevar i NORAD, og frå mange ferder hev han stor kjennskap til tilhøvi. Det vart ei fantastisk, ja, nærast ei skræmande skildring av korleis me hev stelt med vårt eige livsgrunnlag. Sahara var ein gong grønt område, i dag berre øydemark. I året 1 i vår tidsrekning, ved Kristi fødsel, var det 250 millionar menneske på jordi, i 1800 var talet 1 milliard, i 1930 var det 2 milliardar, i 1987 5 milliardar. Og det aukar stendig.

Folk høgg ned regnskogane i store område, og sel avlingane sine til Europa til underpris. Her uppe forar me kyrne med produkt derifrå og pressar mjølkemengdi upp, og so let me gjødsli renna ut i havet, og algane veks fram og drep fisken. Når me fiskar upp lodda i Barentshavet, tek me burt livsgrunnlaget for andre fiskeslag. Svovelutslepp øyder skogane i Europa. I dag hev me daud skog i store område i Tsjekkoslovakia, Tyskland, Polen og andre land.

Naturi er det største under som finst, og dette underet må formidlast. Serleg må me læra dei unge til å skyna dei problem vår verd no er uppe i. Dei tvo ytterpunkt er altruisme og egoisme. Me hev gløymt fredeleg kappestrid, og ynskt berre økonomisk vekst.

Det er nærast heilt slutt på kornimport frå dei tvo store korndyrkarland U.S.A. og Canada. I fjor hadde dei korn berre til eige bruk, det dei selde til andre land var av lager frå tidlegare år. Men dermed trugar hungersnaud millionar menneske, i Afrika og andre stader.

I U-land er land etter land i ferd med å selja heile si framtid, det vil segja: dei øydelegg livsgrunnlaget sitt.

På eit spursmål i ordskiftet etterpå um korleis det vil gå dersom folk i U-land skal få same levestandard som den me hev i våre I-land, sa Løwenskjold at jamstelling millom I-land og U-land berre er ein draum utan realistisk innhald. Einaste utvegen er at me møtest ein stad på halvvegen: At me minkar vårt forbruk, og hjelper U-land eit stykke upp. Men det trur eg ikkje hender fyrr me fær kniven på strupen, sa talaren. Grasroti hev ei uløyseleg og altfor stor uppgåva i dag.

Haustvessar frå Sunnmøre

Hogg no upp dinn vintirviid
førænn snjøin lægge niid.

★

Dæ so inkje kjøme inn i hæsjaterra
maa kome inn i hæsbandtærra,
aa dæ so inkje kjøme inn i hæsbandtærra
maa kome inn i lauvskakja.

★

Hæ du samla mat ihop,
vintrin hæ baa gap aa gop.

Etter Sivert Aarflot (1759-1817)

Årbok for Nordfjord 1989

Årboki er eit samarbeidstiltak for Nordfjord Sogelag, Firda Ungdomslag og Nordfjord Folkemuseum. 1989-årgangen er merkt av burtferdi til Reidar Djupedal, og årboki er vigsla **Til Reidar.** Djupedal var professor i Trondheim siste 20 åri, men same kvar han heldt til, var bandi til nordfjordsbygdene like uslitelege. Han skreiv i årboki og var med i skriftstyret.

Dette fortel Arvid Rygg i ein minneartikkel, der han m.a. nemner tilfanget um Ivar Aasen som Djupedal let etter seg. Mange hadde vona at Aasen skulde få den store biografen sin i nett Djupedal. Jau, Reidar Djupedal er sakna både i Nordfjord og vidare utetter.

I årboki finn me eit arbeid av Djupedal um **Siri Stauri og vevboka hennar.** Siri Stauri (1827-1909) var frå Valåker i Utvik. Ho gifte seg med Eirik Stauri, og fyrste gongen dei tvo møttest var ein fin sundag då nokre ungdomar frå Stryn fann på at dei skulde ro til preika i Utvik-kyrkja. Slik ferdsla millom bygdene var ikkje uvanleg, og låg det is på fjorden, hende det dei skeisa isen. Siri var ei klok og snild kona, hjelpsam, men ikkje utan viljestyrke, heiter det. I 1890 gav ho på eige forlag i Stryn ut ei liti vevbok som vart vel motteki og mykje bruka på skular og skeid. Gildt er det at heile vevboki er avprenta (faksimile) i årboki, med tekst, teikningar og mynster - alt lagt til rettes for bruk. Målet i vevboki er dansk, men einfelt og visshøvt, og med fagnemningar på godt norsk nordfjordmål - som gogn, havald, trøde, varp og veft.

Ein artikkel um «Vinter, vår og åring» er av Hans Øen som døydde i fjor. Han var «Ein tradisjonsberar i Nordfjord», slik Edvard Faleide Langeland skriv i minneordi.

Ludvig Husavåg fortel um «Han Per i Krabbestigvikjene», eit vanleg menneske, kalla, frå den lune vikja på sørsida av Husevågøyna, ein vitskapsmann i småfiskje, utan mange av slike gode som folk hev no.

Sverre Folkestad freistar finna ut korleis det var å vera barn i Gloppen i tidi frå kring 1890 til framimot siste krigen. Barndomen er ein viktug og kanskje sers avgjerande bolk i alle menneskeliv, og i det siste hev det kome ein viss ans for å granska det me kunde kalla soga um barndomen. Barnearbeid tykte dei fleste var naturleg. Men medan ei gjenta tykte gjætingi var noko av det verste i barndomen, lika ein gut gjætingi so godt at han tok på seg umfram gjæting mot vederlag. Store barnetragediar kjem knapt fram i denne artikkelen.

Ragnvald Berge syner glimt frå næringsvegane i Selja 1861-65, slik dette kom fram i årsmeldingane til finansdepartementet. Ola Gjengedal fortel um samband millom Nordfjord og grannar i sør, eit samband som hev letna mykje med nye vegar og tunnelar. Sigurd Nesdal upplyser i «Frå potetgraut til potetgull» at gjerdi med å drygja mjølet framleis er i levande minne for sume; vide stader bruka dei mose heller enn bork. Magne Skrede hev med ei lista med ord og ordlag frå Randabygd. Var kråka lågmælt og nikka på hovudet når fiskaren skulde på utferd, tydde det fiskelukka, fortel Hans Erik Endal i «Truer og varsel om fiskje». Paul O. Tomasgard skriv um Ola Andersson Muldsvor (1789-1883) i Hornindal, han hadde ei handskrivi visebok, medan Signe Anonby skildrar ei gamal steinsmia frå Austrheim i Gloppen, med klårgjerande riss og foto. Vilhelm Barmen minnest Johan Andreas Gotteberg, visst den fyrste misjonæren frå Ytre Nordfjord. Eit høveleg dikt vantar årboki heller ikkje, skrive av Kristi Orheim Aas.

Årboki lever upp til orti på tittelsida - **eit skrift for folkeminne og folkekultur.** Innhaldet dekkjer heile Nordfjord, trur me; bilettilfanget er tolleg godt. **Reidar Djupedal, Arvid Rygg** og **Ståle Fitje** hev vore skriftstyre, og Petter Eide er biletredaktør.

Årbok for Nordfjord 1989 er ei triveleg bok.

J. Kr.

Planlagd bok um Sjur Helgeland: Piotr Klafkowski samlar tilfang

Avprentet nedanfor er frå vossabladet «Hordaland» for 7/9-1989. Polskfødde Piotr Klafkowski saknar bok um kunstnaren Sjur Helgeland, slik han sa det i Vestmannen nr. 6. No hev han sjølv planlagt bok um Helgeland, og han er i arbeid med å sanka tilfang. Han bed Vestmannen hjelpa til, og det gjer me med gleda. Me bed alle som hev tilskot til eit slikt arbeid - bilete, artiklar, brev eller anna - um å venda seg til **Piotr Klafkowski, Brøttet 18, 3029 Drammen.** Upplysningar kann og sendast til Johannes Gjerdåker eller Leif Rygg, båe hev tilskrift Voss.

Helst bør boki ha med kjeldor som sjølve kjende den store spelemannen frå Myrkdalen, og då hastar det med innsamlingsarbeidet.

Endeleg skal boka om Sjur Helgeland skrivast. Og det måtte altså ein polakk til! Piotr Klafkowski, som her viser fram eit bilete av sitt store ideal, ynskjer kontakt med alle som har noko interessant å fortelja om den store myrkdøls-kunstnaren sitt liv. *(Foto: Sjur Herre)*

ROLF TEPSTAD

No vart det rett nok gjeve ut ei minnebok om Sjur Helgeland ved 100-års jubiléet for fødselen hans, i 1958. På dei kring 30 sidene her, med minst halvparten biletstoff, vart det likevel ikkje gått særleg i djupna på den store kunstnaren sitt livsverk; meiner Piotr Klafkowski.

Klafkowski, som har vore busett i Noreg snart ti år, meiner Sjur Helgeland er ein kunstnar av verds-format.

— Han var ikkje berre ein stor komponist og spelemann, han var òg ein stor artist!

Sjølv fekk Klafkowski kjennskap til Sjur Helgeland då han i 1987 var busett i Ulvik. Frå Polen har Klafkowski doktorgrad i språkvitskap.

— Innan musikk er eg derimot rein amatør, understrekar han, men innrømer likevel at han spelar fele på fritida.

Særstilling

Piotr Klafkowski meiner myrkdals-spelemannen har ei særstilling innan tonekunsten. — Heilt sidan eg fyrste gongen høyrde Sjur Helgeland sine slåttar, har eg hatt ei kjensle av at han snakkar direkte til meg. Musikken hans gjev meg ei oppleving eg ikkje kjenner ved nokon annan musikk.

Dei Klafkowski ynskjer kontakt med, er folk som sjølve hugsar Sjur Helgeland, og dessutan folk som kjenner til stubbar og soger om han.

Sjølv er Klafkowski busett i Drammen. Folk som har noko å bidra med — enten det er bilete, avis-artiklar, brev, eller anna — vert difor oppmoda om å ta kontakt enten med han sjølv (adr. Brøttet 18, 3029 Drammen) eller venda seg til Johannes Gjerdåker eller Leif Rygg på Voss. Han lovar at alt skal verta kopiert på Voss, og deretter leverast attende til eigarane.

Bok klar i 91?

— Når vil så boka føreliggja?

— Akkurat det kan eg sjølvsagt ikkje lova noko heilt sikkert om. Vona er likevel at boka skal kunna føreliggja til 50-års jubileet for Voss Spelamannslag i 1991. Det er likevel klart at arbeidet lyt ta den tida det tek, seier Piotr Klafkowski, som gjerne vil senda ei takk til alle som har hjelpt han så langt i arbeidet.

Gild lesnad i vintermyrkret

Jostein Krokvik

DET GÅTEFULLE TÅRNHUSET

Ei frisk og velforma forteljing for unge lesarar med sans for måneskin, mystikk og spaning.

I band kr 108,-

NORSK BOKREIDINGSLAG

Boks 2672 - 5026 Møhlenpris

Tonen frå himmelen

Frå side 7

Den nolevande kunstnaren Peter Hentze har laga ti teikningar åt «Lysets Engel» og alle tek fyre seg tonen frå himmelen gjenom voggande mynster som «fylgjer til jords». Teikningane gjer boki rikare. Stundom er nakne menneskjekroppar med. Han var elles av den trui, Ingemann, at nokor uppstode for kjøtet (han sa «liket») fanst ikkje, og i dette var han djupt usamd med N.F.S. Grundtvig. Hans eigen kropp døydde den 24. februar 1862.

HARØY LARS BJARNE
ELISMARKEN 14
5034 Y LAKSEVAG
ANTALL EKS 1

God og rimeleg mat
får du på
Kaffistova til Ervingen
Torgegaarden, Strandkaien 2, 5000 Bergen

BUNADSØLV — POKALER — PREMIER
Vi har gaver for alle anledninger
magnus aase A/s
gullsmed
Strandkaien 6 — Telefon *32 01 60

ISSN 0800-8647

Garm d.y.:

Det finst so mange visor -

Det finst so mange visor, for den som kveda vil, heiter det. Eller med andre ord, det finst so mykje å skriva um for den som pirkar i mål og målsak. Det dukkar jamleg upp eitkvart som sant nok ikkje alltid er so nytt som det ser ut til.

Eit målblad harma seg fyre jol av di ein svensk fjernsynskanal med sæte i London tekstar program til Noreg på dansk. Me hev set merkelegare ting enn denne dansktekstingi. Bokmålet hev i 40 år vore på renn attende til sitt danske moderfang, og det nynorsknamna offentlege skriftmålet diltar eller med språkrådshjelp. Fjernsynstekstingi er soleis i godt samsvar med den medvitslause og i namnet norske målpolitikken.

Men nett dette nemner ikkje det vyrde målbladet ein pist um. Å nei.

Sidan me fyrst kom inn på målblad, fell det oss inn at me ein mannsalder eller so hev lagt merkje til at målblad hev den vanen at dei gjer seg til hovudorgan for målreisingi kvar gong dei sigler seg i søkk. Ja, dei vert ikkje berre viktuge for målreisingi i slike høve, men dei vert til framimot sjølvaste livsvilkåret for målet. Når målfolk so hev dekt underskoti, veit me korleis det gjeng. Då fær luren ein annan låt.

Akk ja. Kasta ikkje stein når du sit i glashus, det er gamal lærdom. Og ingen er lytelause, må vita, ikkje i-målsfolket heller. Men når i-målsfolk umveges hev vorte skulda for at dei so lett og snart grip til bokmål, so trur me det er ei mistyding. Me kunde på flekken rekna upp ei tylft upphavlege målfolk, minst, bokskrivarar, framskotne samskipnadsfolk og dilikt, som i sume eller mange høve grip til bokmål. Men dei er alle a-målsfolk, nokre av dei sers samnorskfarga. Ikkje å tala um alle elevane, upptåta i dei nynorske skulane, som i ein jamn straum hev gjenge frå skulen og til bokmål i heile den lange og målideologi-redde samnorske glansbolken.

Sjølvsagt finst det i-målsfolk som sviktar. Det vilde vera snålt elles. Men -Ja, me skriv med opne augo ordet **svikt**, for i-målsfolk godkjenner stort set den nasjonalmålslege truskapstanken. Då kann me med rette tala um svikt og svikting. Det er nett dette det gjeld, svikt, jamvel um me til takk for ordbruket skulde verta skulda for målmoralisering. Lat gå.

Men me burde nok ikkje driva på å skriva mangtydeleg um målblad og a-målsfolk. Me burde heller segja eitkvart vitugt og råkande um folk og blad på hin kanten, dei anti-norske. Der tyt den bringetronge dårskapen ut gjenom innleggsspaltone, i dag som for tjuge og tretti og femti år sidan. Kvifor lefla med den vesle (ny-norske) **sproggruppen**, spør ein innsendar, han hev visst funne eit (ny)norsk innlegg i grumbladet sitt. Eit slikt mål må vera heilt uskynleg for pakistanarar, trur han, og han vil ha alt i dette grumbladet på **norsk** - han meiner norskdansk. Ja, ja. Mot vankunna finst berre ei råd, og det er betre upplæring og upplysning.

Stor Nok
For De Fleste

100-årsminne for Islands store humorist

«Islands originalaste forfattar» er den tittelen Ivar Orgland gav **Thorbergur Thordarson** (1889 - 1974). Han var både original, kvikk og grueleg morosam, måldyrkar og esperantist. Den unge Laxness (f. 1902) lærde mykje av Thordarson, og dei vart vener. Men undarleg nok: Thordarson er lite kjend utanum Island. **Ivar Orgland** hev umsett «**Islands adel**» til norsk (Samlaget 1975), ei mykje morosam fagnabok.- Tenk um han gjorde det same med «Brev til Laura» no til 100-års dagen.

Nordisk

I Sverike, Danmark og på Island hev dei lærestolar på universiteti i nasjonalmåli sine - svensk, dansk og islendsk. Venteleg er dette ei vanleg gjerd i alle land der dei hev sitt eige mål. I Noreg er det lærestolar i nordisk. Er det råd å tenkja seg ein samanheng millom dette serhendet og den kjensgjerningi at det eine skriftmålet og den eine bokheimen som merkjer seg med norsknamnet her til lands, i røyndi er dansk eller i norskaste fall norskdansk?

Din lokale storbank
FOKUS Bank